



Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 AUSTRHEIM

Dato: 14.05.2014
Vår ref.: 2014/10847-62
Saksbehandlar: kjesigv
Dykkar ref.:

Dykkar referanse: Ketil Hindenes

Tilskot til miljøorganisasjonar 2014 – Tilsegn om kr 10 000,- til Naturvernforbundet Nordhordland – Rydd ein holme

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til organisasjonar datert 01.04.2014. De søkte om kr. 10.000,-. Vi har i 2014 motteke i alt 27 søknadar om tilskot, samla søknadsum er kr. 1.587.080,- medan budsjettposten er på kr. 655.000,-.

Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver **kr 10.000,-** til organisasjonen frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2014.

Beløpet blir overført til kontonummer: 3632.52.09695

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland: <http://www.hordaland.no/miljo>

1. GRUNNLAG

Ut frå formuleringane i tilskotsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

- Hindra attgroing av kystlynghei på øyer og holmar og i strandsona i Austrheim.
- Særleg fokus på den svartelista sitkagrana.
- På lengre sikt spreia prosjektet til andre kystkommunar i Nordhordland og elles langs kysten.

Enkel beskriving:

- Naturvernforbundet Nordhordland har satsa på å byggja opp ein liten «bank» av motorsagar og ulikt verneutstyr som brukast for å rydda skog.
- Finansiering av kurs i lyngsviing (kr 500 pr. pers. i år), motorsagkurs og ulike møte og seminar. Det trengs også midlar til leige av ryddefartøy og drivstoff.

2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Ketil Hindenes

Planlagt slutt: 2018 (implementering i Austrheim)

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

Presentasjonar av og orienteringar om organisasjonen, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at de har fått driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

Tilsegnsmottakar **skal** sende sluttrekneskapsskjema innan eit år til Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Kjetil Sigvaldsen, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Gudrun Mathisen
leiar

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Akseptskjema
- 2 Sluttrekneskapsskjema

